

**Uttale frå Samarbeidsutvalet ved Rosseland skule om forslaget til
«Skulebruksplan 2018-2025».**

Samarbeidsutvalet på Rosseland hadde planen oppe til behandling på møte 07.03.2018, og vil koma med følgjende innspel:

- SU tykkjer at det nye utkastet til Skulebruksplan er meir nyansert, og gir ei god oversikt over utfordringane for kommunen, og kva ulike løysningar som finst.
- SU vil i høyringsuttala si leggja vekt på dei utfordringane som direkte involverer Rosseland skule, og vil difor ikkje i særleg grad kommentera løysningar som gjeld andre skular, eller problematikken rundt ungdomsskulane i kommunen.
- Det første me vil kommentera er avsnitta om «**Elevtalsvekst og kapasitet på skulane i Time**» og «**Status og forventa elevtalsvekst**». SU meiner det er feil å definera ein skule sin kapasitet berre med å angje eit elevtal. Kapasiteten handlar i like stor grad om kor mange klasserom det finst på skulen. Difor meiner SU at **klasseromskapasiteten** på dei enkelte skulane må inn i planen. For å illustrera dette, hadde «nye» Rosseland skule ved oppstart i 2010 487 elevar, og 22 klassar. Då var heile klasseromskapasiteten allereie utnytta. Den ledige elevtalskapasiteten var på 38 (kapasitet 525), og kunne berre fordelast på desse klassane. Ein ny klasse; og klasseromskapasiteten var sprengt. Det skjedde i 2013, sjølv om det faktiske elevtalet framleis ikkje var på 525 elevar.
- Rosseland skule vil hausten 2018 ha 28 klassar, men skulen har berre 22 klasserom. 7 klassar skal då gå i gamle Time vgs. Elevtalet vi vera om lag 575, berre 50 elevar meir enn angitt kapasitet på 525. Likevel må 148 elevar flyttast ut av skulebygget, fordi det ikkje er klasserom til dei.
- Under avsnittet om «**Moglege framtidige løysningar**», er representantane i SU heilt einige om at regulering av skulegrensene, med bussing av elevar til Lye, er ei svært dårleg løysing. Dette tiltaket vil ha svært liten effekt på skulekapasiteten i Bryne sentrum - og vil vera eit lite framtidsretta tiltak. Dessutan vil det kjennast urimeleg for dei som tilfeldigvis bur på «feil» side av grensa. Det er stor motstand blant dei som bur i området – som er bekymra for den sosiale trygghetta og tilhøyrigheita til barna.
SU vil frårå dette forslaget på det sterkaste.
Ev. grensereguleringar mot Bryne skule vil vera mindre problematiske å gjennomføra, men desse vil heller ikkje gje særleg effekt for å få ned elevtalet for Rosseland skule, då det bur få barn i det området som er skissert i planen.
- Slik SU ser det, er det to forslag som vil vera framtidsretta, og som vil løysa elevtalsproblematikken i Bryne sentrum i lang tid framover. Det eine av desse er å **byggja ny barneskule på Bryne** – slik at både Rosseland og Bryne skule får avlastning. Då vil ein ha god kapasitet for vekst, og Rosseland skule kan fungera som den baseskulen han er bygd som, og ha ein forutseibar kapasitet på 21-22 klassar. **Personalet sine representantar i SU såg dette som den aller beste løysinga.**

- SU kan forstå at ei av forutsetningane som ligg til grunn for dette forslaget, ei nedlegging av Hognestad skule, kan vera kontroversielt. Likevel kan det vera positivt for elevane der å koma i eit litt større miljø, i eit nytt og moderne bygg. For personalet på Hognestad kan dette òg opna nye moglegheiter for å arbeida i eit moderne og godt tilrettelagt skulebygg.
- Det andre framtidsretta forslaget i planen er å utvida Rosseland skule, som ein del av ny symjehall. Behovet for fleire symjehallar i kommunen er skrikande, og tanken om å få dette som ein integrert del av ein større skule, verkar tiltalande – og kan gjera ein «storskule» meir «spiseleg». Representantane frå FAU og elevrådet var mest positive til denne løysinga. Men SU presiserer det må leggjast klare føringar i forhold til følgjande problemstillingar
 - Det må opparbeidast tilstrekkeleg med uteareal, med moglegheit for ulike aktivitetar både i skule og fritid.
 - Skuleområdet må utformast slik at det blir to klare «avdelingar», 1.-4. trinn i eksisterande bygg og 5.-7.trinn i tilknytning til symjehallen. Det nye bygget må ha minst **12 klasserom**, i tillegg til grupperom, arbeidsrom for personalet, personalrom m.m. Då vil skulen kunne ha 4 klassar på alle trinn, og samtidig ha noko ledig kapasitet for framtidig vekst utover planperioden.
 - Det må vera sett av tilstrekkeleg med ressursar til leiinga på skulen for å handtera ein mykje meir kompleks skule. Det må vera avdelingsleiingar på kvar avdeling med m.a. delegert personalansvar.
 - Det må vera tilstrekkeleg gymsalkapasitet både i Timehallen og eksisterande bygg på Rosseland.
- Når det gjeld spørsmålet om lokalitetar for Time kulturskule og ev. sambruk med ein større Rosseland skule, har ikkje SU nokon sterke formelningar om dette. SU meiner at det er **kulturskulen sine egne behov** som må vega tyngst når dette skal avgjerast. Erfaringane med sambruk med Bryne skule har så vidt SU har forstått bydd på ein del utfordringar. Eit slik sambruk vil òg vera med på å auka kompleksiteten for ein «storskule» på Rosseland.»
- Representantane frå FAU kom med innspel om at lokalisering av ei ATO-avdeling i det nye bygget, kan vera ein spanande tanke. Då vil skulen kunna få moglegheit til å få eit kompetansemiljø innan spesialpedagogikk, som kan gi synergieffekter for heile skulen. SU var delt i synet på dette forslaget, då det vil auka kompleksiteten på skulen ytterligare.

- SU ser ingen problem med forslaget til «Forskrift til skulekrinsgrenser for elevar på ungdomstrinnet i Bryne frå 2020». Når det kjem ein ny skule, er det naturleg at krinsgrensene må regulerast – og forslaget som er lagt fram ser heilt greitt ut.

Geir Soma

Sekretær i Samarbeidsutvalet ved Rosseland skule